



Vestland Fylkeskommune  
Postboks 7900  
5020 Bergen

**Referanser:**  
Dykkar:  
Vår: 22/365 - 22/2653

**Saksbehandlar:**  
Jo Bjarte Tømmerbakke  
jo.tommerbakke@modalen.kommune.no

**Dato:**  
16.12.2022

## Melding om vedtak - Nærskuleprinsippet - vidaregåande opplæring

I møte 14.12.22 gjorde kommunestyret i Modalen følgjande vedtak, sak OR 048/2022.1:

Kommunestyret i Modalen stiller seg bak krava i brevet som FAU har sendt på vegne av foreldre ved Mo skule.

Kommunestyret oppmodar Vestland fylke til å gjere ei ny vurdering slik at elevar frå Modalen kommune skal kunne få nærskulepoeng på Voss VGS, Voss gymnas og skulane i Bergen.

Bakgrunnen for at kommunestyre ber om dette er:

- Nærskuleprinsippet skal sikra elevar skuleplass i nærleiken av der dei bur. For små utkantkommunar som Modalen er ikkje dette mogeleg pga. geografi. Slik nærskuleområda er delt inn gjev det elevane i Modalen i realiteten berre eitt val; Knarvik. Dette er ein vesentleg reduksjon i skuletilbodet til våre ungdommar og ein uheldig konsekvens av eit prinsipp som skal komma elevane til gode.
- Fråfall i vidaregåande skule er eit problem, og det å bu på hybel vekke frå familie og nettverk vil gjere overgangen krevjande for våre ungdommar. Dei aller fleste av våre elevar flyttar på hybel når dei byrjar på vidaregåande skule. Det har vore avgjerande for skulevalet kvar eleven har nettverket sitt. Det er krevjande for både elev og føresette når ein 15-åring skal flytte for seg sjølv. Mange av elevane har gode nettverk i områda Bergen og Voss, og dette er då naturlege stader å busetje seg.
- Vi ser det som ein risiko at heile familiar flyttar frå kommunen når ein ungdom skal byrje vidaregåande utdanning. Dette fordi ein ikkje ynskjer at sonen/dottera bur på hybel ein stad der 15-åringen deira ikkje har etablert nettverk.
- Systemet for nærskuleprinsnipp i Modalen slår uheldig ut på individnivå, noko som kan skape samfunnsmessige ringverknadar med omsyn til fråfall i skulen.
- I gjennomsnitt vil det vere om lag 5 avgangselevar frå Mo skule per år. Dette vil ikkje utgjere særlig forskjell for desse områda, men vil utgjere ein vesentleg forskjell for våre elevar.

Med helsing

Jo Bjarte Tømmerbakke  
Rådmann

*Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen underskrift.*

**Kopi til:**  
FAU Mo skule

**Mottakere:**

Vestland Fylkeskommune

Bergen

Til kommunestyret i Modalen kommune

Modalen 05.12.2022

Nærskuleprinsippet blei innført for inntak av VG1 elevar skuleåret 2021/2022. Bakgrunnen for prinsippet var at elevane skulle få skuleplass i nærleiken av heimstaden sin. Slik me ser det, er det då tenkt at elevane skal ha moglegheit til å kunne bu heime, utan å få for lang reiseveg. Dette er eit godt prinsipp. Me ser likevel at dette slår svært negativt ut for ein utkantskommune som Modalen.

Modalen kommune heldt til i nærskuleområde 4: Nordhordaland. Dette resulterer i at våre nærskuler er Knarvik VGS og Austrheim VGS. Ein del av våre elevar har historisk sett søkt seg til Knarvik VGS, medan resten gjerne har søkt seg til Bergen eller Voss. Austrheim har på grunn av geografisk beliggenheit ikkje vore eit alternativ for våre elevar og difor ikkje vore eit reelt val. Modalen kommune sit difor igjen med eit skulevalg.

Mo skule har gjesteelevar frå både Alver kommune og Vaksdal kommune. Desse elevane har nærskule både til Voss, Osterøy og Bergen. Både Alver og Vaksdal har fått ekstra tildelingar som gjer at dei har større valgfriheit. Det er synlege ulikheiter i vår elevgruppe og dette blir oppfatta som urettferdig.

Dei aller fleste av våre elevar flyttar på hybel når dei byrjar på videregåande skule. Det har vore avgjerande for skulevalget kvar eleven har nettverket sitt. Det er krevande for både elev og foresatte når ein 15-åring skal flytte for seg sjølv. Mange av elevane har gode nettverk i områda Bergen og Voss, og dette er då naturlege stader å busetje seg. Overgangen frå ungdomsskule til vidaregåande er spesielt krevjande for våre elevar, då dei må flytte heimifrå. Dersom dei blir tvungen til å flytte til områder utan noko nettverk, er me redd for at det førar til einsemd og at dei i verste fall droppar ut.

Nærskuleprinsippet skal sikra elevar skuleplass i nærleiken av der dei bur. For små utkantkommunar som Modalen er ikkje dette mogeleg pga geografi. Slik nærskuleområda er delt inn gjev det elevane i Modalen i realiteten berre eitt val; Knarvik. Dette er ein vesentleg reduksjon i skuletilbodet til våre ungdommar og ein uheldig konsekvens av eit prinsipp som skal komma elevane til gode.

Me ynskjer at de ser på moglegheita for at elevar frå Modalen skal kunne få nærskulepoeng på Voss VGS, Voss gymnas og skulane i Bergen. Per i dag er det 55 elevar ved Mo skule (1-10 skule). I gjennomsnitt vil det då vere om lag 5 avgangselevar frå Mo skule per år. Dette vil ikkje utgjere særleg forskjell for desse områda, men vil utgjere ein vesentleg forskjell for våre elevar.

På vegne av foreldra

FAU ved Mo skule

Bulandet og Værlandet Grendalag  
6987 Bulandet  
[bulandetverlandet@gmail.com](mailto:bulandetverlandet@gmail.com)

Hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland  
v/Karianne Alette Torvanger  
[Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no](mailto:Karianne.Alette.Torvanger@vlfk.no)

### **Innspel om inntaksmatrise**

Viser til inntaksmatrise for Vestland fylkeskommune.

I inntaksmatrisa for Vestland fylkeskommune ligg 6986 Værlandet og 6987 Bulandet under HAFS inntaksområde, men får i tillegg inntaksområde-poeng til Mo og Øyrane vgs, Hafstad vgs og Flora vgs.

Vi i Bulandet og Værlandet har tradisjonelt ei tett tilknyting til Måløy som er den nærmeste servicehamna for fiskeflåten. Med eit aktivt fiskerimiljø er det også naturleg å søkje seg til Måløy VGS for vidaregåande utdanning. Vi har dei siste åra sett at mange av ungdommene våre søker til naturbruk, fiske og fangst og akvakultur, og dette er svært positivt.

For dei av ungdommene som ynskjer å utdanne seg innan maritime næringar utan å gå naturbruk er det annleis. Om ein vil utdanne seg til matros, skipsmotormekanikar, og gjerne vidare til styrmann/skippar eller maskinist/chief så er det mest naturleg å byrje på VG1 TIF og vidare VG2 maritime fag. Slik matrisa er lagt opp i dag må desse gå VG1 i Dale, Førde eller Florø for så å gå VG2 i Måløy.

Å være 15-16 år og flytte heimanfrå er tøft for mange. Ting som for oss vaksne verkar små kan vere avgjerande for om ein ungdom i det heile klarar å komme seg godt igjennom skuleåret. T.d. så kan det å gå på skule i lag med andre med like interesser vere viktig. Fokuset i undervisninga har også eit meir maritimt preg i Måløy enn dei andre stadane, sjølv på VG1.

Det er no ein tendens her at ungdommar som helst vil gå TIF søker på naturbruk for å komme til Måløy. Ikkje alle har karakterar for å komme inn her, og dette skapar mykje usikkerheit og lite mestring.

Bulandet og Værlandet Grendalag meiner at inntaksmatrisa bør endrast slik at søkerar frå 6986 Værlandet og 6987 Bulandet får inntaksområde-poeng til Måløy Vidaregåande Skule. Vi meiner at dette vil gjere det enklare for ungdommene våre når dei skal flytte vekk for å gå på skule. Vi meiner generelt at vi må ta vare på undommane våre og sette deira behov i fokus, og at dette er ein god måte å vise dei dette.

Håpar at de i hovudutval for opplæring og kompetanse i Vestland kan ta dette med dykk i det vidare arbeidet og at dette let seg ordne før neste inntak.

Mvh  
Styret i Bulandet og Værlandet Grendalag